



## MØTEPROTOKOLL

### FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

**Møtedato:** 17.08.2015  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 12:00 - 14:50

#### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Björg Aase Nottveit Hop	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem
Helge Gullbrå	KRF	Medlem
Anneli Vatile Lilletvedt	H	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Kjartan Haugsnes	SV	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Svein Arvid Boge	H	Kjartan Haugsnes, SV

---

#### Andre møtande:

Rådmann Trine Pettersen Grønbech  
Ass. rådmann Åse Elin Myking  
Komunalsjef Solrun Hauglum  
Kommuneplanleggjar Gjertrud Karevoll  
Einingsleiar Willy Andre Gjesdal

---



## Saksliste

<b>SAKSNR</b>	<b>TITTEL</b>
74/2015	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
75/2015	GODKJENNING AV MØTEBOK
76/2015	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
77/2015	HØYRING - REGIONAL AREAL- OG TRANSPORTPLAN FOR BERGENSOMRÅDET
78/2015	OMREGULERING AV JAMNE BARNEHAGE
79/2015	OMREGULERING STANGHELLE VEST (TETTANESET)
80/2015	SØKNAD OM KONSESJON BOGE 3 - ANMODNING NY VURDERING
81/2015	KLAGE PÅ VEDTAK OM TVANGSMULKT



**74/2015: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.08.2015**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 74/2015 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

---

**75/2015: GODKJENNING AV MØTEBOK**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.08.2015**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 75/2015 Vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

---

**76/2015: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR**

Innspelsmøte / ideverkstad for utvikling av kommuneplanen sin samfunnsdel v/kommuneplanleggjar Gjertrud Karevoll

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.08.2015**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.



**FPØ - sak 76/2015 Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

---

**77/2015: HØYRING - REGIONAL AREAL- OG TRANSPORTPLAN FOR BERGENSOMRÅDET**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Høyringsuttale frå Vaksdal kommune:

Høyringsutkastet til Regional areal- og transportplan gjev kommunen ei tydeleg arbeidsramme med klare forventningar til kommunen si planlegging. Slik sett vil planen vere eit godt arbeidsreiskap.

Likevel ynskjer Vaksdal kommune å løfte fram to utfordringar vedrørande *regionalt transportsystem*.

- Me saknar fokus på E16/Bergensbanen som hovudkjelde for stykk gods til Bergensområdet og nødvendigheiten av å prioritere ei effektiv, miljøvenleg, trygg transportåre med høg regularitet. Det er klart at framkomstproblem i stor-Bergen har mange negative ulemper, men varestraumen på E16/Bergensbanen er ei av hovudforsyningskjeldene som er råka av dårleg regularitet, og som bl.a. medfører store økonomiske tap for næringslivet. Strekningen Voss-Arna, alternativ K5, må prioriterast inn i Nasjonal transportplan. Av store infrastrukturprosjekt i regionen er det utbygging av E16/Bergensbanen som ikkje medfører meir biltrafikk og transport til Bergen sentrumsområde.
- I samband med transportsystemet saknar me også ein omtale av massehandtering i samband med store infrastrukturprosjekt. Dette var tema i planprogrammet, men manglar utgreiing og omtale.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.08.2015**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 77/2015 Vedtak:**

Høyringsuttale frå Vaksdal kommune:

Høyringsutkastet til Regional areal- og transportplan gjev kommunen ei tydeleg arbeidsramme med klare forventningar til kommunen si planlegging. Slik sett vil planen vere eit godt arbeidsreiskap.

Likevel ynskjer Vaksdal kommune å løfte fram to utfordringar vedrørande *regionalt transportsystem*.

- Me saknar fokus på E16/Bergensbanen som hovudkjelde for stykk gods til Bergensområdet og nødvendigheiten av å prioritere ei effektiv, miljøvenleg, trygg transportåre med høg regularitet. Det er klart at framkomstproblem i stor-Bergen har mange negative ulemper, men varestraumen på E16/Bergensbanen er ei av hovudforsyningskjeldene som er råka av



dårleg regularitet, og som bl.a. medfører store økonomiske tap for næringslivet. Strekningen Voss-Arna, alternativ K5, må prioriterast inn i Nasjonal transportplan. Av store infrastrukturprosjekt i regionen er det utbygging av E16/Bergensbanen som ikkje medfører meir biltrafikk og transport til Bergen sentrumsområde.

- I samband med transportsystemet saknar me også ein omtale av massehandtering i samband med store infrastrukturprosjekt. Dette var tema i planprogrammet, men manglar utgreiing og omtale.

---

### **78/2015: OMREGULERING AV JAMNE BARNEHAGE**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§12-3 og 12-8 vedtek formannskapet i Vaksdal oppstart av omregulering for reguleringsplan med Planid 1989005 Jamnegarden (barnehage).

#### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.08.2015**

#### **Behandling:**

Tilleggsforslag frå Kjartan Haugsnes, SV:

Nytt pkt. 2:

Vaksdal kommune tar kontakt med Husbanken med tanke på finansiering av bygging/ombygging av Jamne barnehage til flyktningbustader.

Framlegget samrøystes vedteke.

Oversendingsforslag frå Kjartan Haugsnes, SV:

Vaksdal kommune vurderer moglegheitene for å flytte leikeapparatene frå Jamne barnehage til Vaksdal skule eller barneparken på Vaksdal.

Framlegget blir oversendt rådmannen.

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

#### **FPØ - sak 78/2015 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§12-3 og 12-8 vedtek formannskapet i Vaksdal oppstart av omregulering for reguleringsplan med Planid 1989005 Jamnegarden (barnehage).

Vaksdal kommune tar kontakt med Husbanken med tanke på finansiering av bygging/ombygging av Jamne barnehage til flyktningbustader.



**79/2015: OMREGULERING STANGHELLE VEST (TETTANESET)**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 vedtek Vaksdal formannskap oppstart av planarbeid for planendring (planid 2015002), for gjeldande reguleringsplan for Tettaneset (planid 2010002 med vedtaksdato 13.09.2010)

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.08.2015**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 79/2015 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 vedtek Vaksdal formannskap oppstart av planarbeid for planendring (planid 2015002), for gjeldande reguleringsplan for Tettaneset (planid 2010002 med vedtaksdato 13.09.2010).

---

**80/2015: SØKNAD OM KONSESJON BOGE 3 - ANMODNING NY VURDERING**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tar brevet frå Boge kraft til orientering.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.08.2015**

**Behandling:**

Endringsframlegg frå Heidi Rongved, på vegner av AP, SP, KRF:

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Det bør leggjast inn i konsesjonsvilkåra at alle omsyn vert tekne for at Bogevatnet skal vera kommunal drikkevasskjelde i 2 - 3 år og sidan vera reservevasskjelde for Vaksdalbygda.

Framføringsveg til kraftverket skal liggja ein meter under sommarsesongens lågaste regulerte vasstand.

Oppstart av utbygginga skal ikkje starta før ny drikkevasskjelde i Sædalen er på plass.

Vedteke mot 1 røyst (SV)



**FPØ - sak 80/2015 Vedtak:**

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Det bør leggjast inn i konsesjonsvilkåra at alle omsyn vert tekne for at Bogevatnet skal vera kommunal drikkevasskjelde i 2 - 3 år og sidan vera reservevasskjelde for Vaksdalbygda.

Framføringsveg til kraftverket skal liggja ein meter under sommarsesongens lågaste regulerte vasstand.

Oppstart av utbygginga skal ikkje starta før ny drikkevasskjelde i Sædalen er på plass.

---

**81/2015: KLAGE PÅ VEDTAK OM TVANGSMULKT**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret avviser klage frå Bjarne Olav Eidnes om tvangsmulkt på kroner 50 000 dersom det ikkje er rydda på området innan 17. august 2015.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 17.08.2015**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 81/2015 Vedtak/Tilråding:**

Kommunestyret avviser klage frå Bjarne Olav Eidnes om tvangsmulkt på kroner 50 000 dersom det ikkje er rydda på området innan 17. august 2015.

---

**Spørsmål**

**Anneli Vatle Lilletvedt**

Vedk. sal av Eidsland skule  
Rådmannen svarte

**Sigmund Simmenes**

Vedk. snuplassen i Otterstadneset  
Rådmannen svarte